
Saksnr: 2020/74003-3
Saksbehandlar: Kristin Arnestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		12.01.2021
Fylkesutvalet		19.01.2021

Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 - vedtak om høyring og offentlig ettersyn

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek, ref. Plb.kap.5 §5-2, å sende «Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring» slik den ligg føre i vedlegg 1 ut på høyring i perioden 25. januar 2021 - 8. mars 2021.
2. Fylkesutvalet ber hovudutval for næring å følgje opp saka i høyringsperioden. Hovudutvalet vel sjølv kva arenaer det er naturleg med politisk deltaking på, og kven som representerer hovudutvalet.

Samandrag

I denne saka legg vi fram det første planframlegget for ein regional plan i Vestland fylke, heimla i regional planstrategi. Fylkesutvalet skal vedta å legge «Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring» ut på høyring. Planen skal svare på store utfordringar knytt til omstilling av eit næringsliv som er tett knytt til produksjon og distribusjon av fossilt brennstoff. Planutkastet blir lagt fram i ein periode der usikkerheita knytt til etterverknadane av korona-pandemien er stor. Men vi ser også mange moglegheiter, og vi må ta snarleg grep for å omstille næringslivet for framtida.

Planen er utarbeida i eit tett samarbeid i den regionale partnerskapen. Samarbeid og eit forpliktande partnerskap vil også vidare bli heilt avgjerande for å realisere måla i planen.

Administrasjonen rår fylkesutvalet til å endre planperioden frå 10 år som det stod i planprogrammet, til 12 år, samt til å endre namn på planen til «Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring».

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring 2021-2033 - utkast til plan
Handlingsprogram - Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring 2021-2033 -
utkast til handlingsprogram

Vedlegg som ikkje er knytt til saka

[Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#)

[Planprogram Regional plan for innovasjon og næring - Vestland](#)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 slo fast at for å stimulere til verdiskaping gjennom auka omstillingsevne og det grønne skiftet, er det nødvendig med ein oppdatert regional innovasjons- og næringspolitikk og ein ny regional plan. Arbeidet med Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling starta på seinvinteren 2020, og hovudutval for næring vedtok høyringsutkastet til planprogram 14. mai 2020. Fylkesutvalet vedtok planprogrammet for den regionale planen i møte 17. september.

I etterkant av vedtaket har fylkeskommunen saman med deltakarar frå mange andre organisasjonar utarbeida utkast til ny regional plan som fylkesutvalet no skal handsame og vedta å legge ut på høyring. Endeleg vedtak av planen blir gjort i fylkestinget i juni 2021, etter ein omfattande høyringsprosess.

Måla i utviklingsplanen ligg til grunn for Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling:

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premis for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har heimel til å gjere vedtak i denne saka.


Saksutgreiing

Prosess og medverknad i utarbeidingsfasen

Mange har vore involvert i utarbeiding av planen

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er ein plan for heile Vestland fylke. Planen er fylket - ikkje fylkeskommunen - sin felles plan for innovasjon og næringsutvikling. Svært mange personar både i fylkeskommunen og i andre organisasjonar har vore involvert i arbeidet med utarbeiding av planen. Arbeidsgruppene innanfor kvart tema har vore sentrale. Arbeidsgruppene blei sett ned for at dei planen vedkjem, og dei som vil vere heilt avgjerande for å setje planen ut livet skulle få påverke innhaldet. 50 personar har vore involvert i arbeidsgruppene. Parallelt med dette har det blitt jobba med heilskapen i planen, planstruktur med handlingsprogram med meir, samordning med andre prosessar og planlegging av det vidare arbeidet, og det har blitt gjort eit omfattande arbeid med kunnskapsgrunnlaget for planen.

Overordna organisering



Mandat og arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene blei bedt om å utarbeide framlegg til mål og strategiske arbeidsområde og strategiar:

1. Kor ønskjer vi å vere i 2031 - overordna mål i tråd med mål og strategiar i utviklingsplanen
2. Kva strategiske satsingsområde og strategiar må ein legge til rette for å nå måla.
3. Kva kan ein gjere på kort og lang sikt, kva bør gjerast i lag med andre planprosessar
4. Forslag til særleg viktige berekraftsmål. Ta utgangspunkt i berekrafts-måla som er definert i utviklingsplanen og legg eventuelt til andre som er særleg viktige, men vi må gjere eit utval.

Det blei sett ned arbeidsgrupper med følgjande leiarar:

Omstilling og fornying	Innovative samfunn	Bergen som motor for innovasjon og næringsutvikling..	Arealbruk	Verktøykasse
• Nina Broch Mathisen frå Innovasjon Norge	• Anne Kverneland Bogsnes frå NAV	• Elin Sjødin Drange frå Bergen kommune	• Jan Heggheim frå Vestland fylkeskommune	• Kathrin Jakobsen frå Vestland fylkeskommune

I tillegg blei det sett ned ei gruppe som skal jobbe særskilt med indikatorar, denne har deltakarar frå fylkeskommunen.

Styringsgruppe for planarbeidet har vore Næringsforum Vestland, og gjennom dette arbeidet har viktige aktørar i partnerskapen sett sitt stempel på planen. Medlemmer i Næringsforum Vestland er Innovasjon Noreg Vestland, Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest, NAV Vestland, Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole, NHO Vestlandet, LO-sekretariatet i Vestland, KS Vestland, Bergen kommune og den regionale representanten for Norges forskingsråd. Fylkesdirektør for Innovasjon og næringsutvikling er leiar for forumet.

Utfordringar i arbeidet

Det har vore svært kort tid til å utarbeide planen. Det er eit svært omfattande kunnskapsgrunnlag som ligg føre, og mykje som har blitt gått gjennom på kort tid. Smittesituasjonen har gjort arbeidet litt ekstra utfordrande både med tanke på at handteringa av koronapandemien tek mykje tid for mange organisasjonar, og det har ikkje vore mogleg å gjennomføre fysiske arbeidsmøte.

Koronapandemien fører også til at det er ein utfordrande situasjon å planlegge i med så mange usikre faktorar.

Grunngjeving for satsingar og mål


Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 legg gjennomgåande føringar for alle regionale planar, og Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring byggjer på mål og prinsipp slått fast i utviklingsplanen. Det omfattande kunnskapsgrunnlaget for den regionale planen viser ulike scenario, moglegheiter og barrierar for å lukkast med å tilpasse seg dei store samfunnsendingane og internasjonal konkurranse. All kunnskap peiker på at korleis ein taklar den store grønne omstillinga er avgjerande for å lukkast. Grøn omstilling er gjennomgåande for planen. Tida er knapp. Vi må ta utgangspunkt i dei store fordelane vi har i næringslivet og som ofte er basert på naturressursane våre. Vi må ta i vare det vi er gode på i dag, legge grunnlag for nye innovasjon på tvers av verdikjeder - og gripe nye moglegheiter. For å lukkast, må vi bygge vidare på verdiane til det nye fylket; «kompetent, open og modig».

Visjonen for både utviklingsplanen og denne planen er: Nyskapande og berekraftig. Hovudmålet for Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er: *Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.*

Det var fire plantema i planprogrammet, og det har blitt jobba med verkemiddel og indikatorar. Arbeidsgruppene har kome med gode innspel. Fleire av innspela har deler som er overlappende tematisk. Ut frå visjon og overordna mål for planen har vi definert tre satsingar:

- Grøn næringsutvikling
- Innovative og inkluderande samfunn
- Areal for næringsutvikling

Ein verkemiddelpolitikk som støttar opp under satsingane, og nyttar dei rette verkemidla, og kombinasjonar av verkemiddel til rett tid vil vere heilt sentralt for å setje satsingane ut i livet. Vi må også ta omsyn til tverrgåande tema som er sentrale for å lukkast med gjennomføringa av planen.



Areal for næringsutvikling har ei anna form enn dei andre satsingane. Her er det med heimel i plan og bygningslova § 8-5 utarbeida overordna retningslinjer for arealplanlegging knytt til næringsutvikling. Retningslinjene er overordna og løyser ikkje ut krav om konsekvensutgreiing. Men retningslinjene vil vere førande ved utvikling av nye og eksisterande næringsareal.

Satsingane i planen er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane. For å fylla framtidig eksport- og verdiskapingsgap må vi også leite etter nye næringar og verdikjeder. Eit viktig moment i oppfølginga av planen vert difor å leggja til rette for «smart spesialisering» og entreprenørielle oppdagingsprosessar. Sjølv om dei overordna satsingane i den regionale planen er næringsnøytrale, vil dei sentrale næringane i dag i stor grad vere det også i heile planperioden.

Planperiode

Då fylkesutvalet vedtok planprogrammet i september vedtok dei at planen skulle ha ein planperiode på 10 år. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 slår fast at regionale planar som hovudregel skal ha ein planperiode på 12 år, og vere overordna strategiske styringsverktøy som er fleksible og står seg over heile planperioden. Vi ser ikkje grunnar for å avvike dette og rår til at planperioden blir 12 år, og at planen blir gjeldande frå 2021-2033.

Namn på planen – grøn verdiskaping som gjennomgåande tråd

Vi har i heile prosessen kalla planen for Regional plan for innovasjon og næring, og det var også namnet på planen då fylkesutvalet vedtok planprogrammet. I denne saka rår vi hovudutvalet til å endre namnet på planen til Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring. Den grønne omstillinga er gjennomgåande tema i heile planen.

Gjennomføring av planen

Planen er overordna og har eit langsiktig perspektiv på 12 år. Trong for revisjon, forlenging eller utfasing vert vurdert kvart fjerde år i regional planstrategi. Den regionale planen definerer mål og satsingar, men seier ikkje noko om ansvar for oppfølging og meir detaljerte føringar. Vi må gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden for å sikre best mogleg ressursbruk og måloppnåing. Det er difor lagt opp til at planen blir konkretisert gjennom fireårige handlingsprogram og årsplanar. Trong for å rullere handlingsprogrammet blir vurdert årleg i tråd med plan og bygningslova.

Eit fireårig handlingsprogram skal sikre forpliktande samarbeid i partnerskapen og bidra til å prioritere satsingar for å nå måla. Gjennom årlege handlingsplanar og oppfølging i budsjett og økonomiplan sikrar vi mindre kursjusteringar og økonomiske og administrative rammer for å setje i verk planen. I oppfølginga av utviklingsplanen skal det også jobbast for betre kopling mellom fylkeskommunen sitt budsjettarbeid og oppfølging av utviklingsplanen.

Det har ikkje vore tid hausten 2020 til å jobbe grundig med eit fireårig handlingsprogram. Arbeidsgruppene har jobba intenst med å utforme mål og strategiar for plantema, og så er desse blitt omforma til satsingar. Ei konkretisering av satsingane i eit fireårig handlingsprogram, med fordeling av ansvar og konkretisering mål og tiltak og ressursbruk knytt til dette har ikkje vore mogleg å få til gitt den knappe tida vi har hatt til rådvelde. Det blir difor lagt opp til at handlingsprogrammet som følgjer planen blir eit kortsiktig program for 2021 med hovudføre mål å konkretisere og jobbe ut eit handlingsprogram for 2022-2025, eventuelle årsplanar for 2022 og samordning med budsjettarbeidet for 2022. Det er lagt opp til aktiv deltaking frå partnerskapen i å konkretisere handlingsprogrammet.

Det blir sett av noko midlar i handlingsplan for innovasjon og næring i 2021 til å starte opp arbeidet med til dømes Smart Spesialisering, entreprenørielle oppdagingar og naudsynt analysekapasitet. Handlingsplanen er ei konkretisering av budsjett 2021, og har såleis ikkje noko rolle knytt til regional plan utanom å sikre nok ressursar til å utarbeide handlingsprogrammet, bestille naudsynte analysar og førebu oppstarten av nokre oppgåver som ein uansett veit ein skal gjennomføre.

Arbeid i tråd med utviklingsplanen og andre regionale planar

Måla i Utviklingsplan for Vestland blir lagt til grunn for alle nye planar. Sektorovergripande planar skal leggast til grunn for andre planar. Arbeidet med Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring starta før arbeidet med dei andre regionale planane, og før utviklingsplanen blei vedteken. Det er difor ei utfordring å sikre god koordinering i plandokumentet som no vert lagt på høyring. Koordinering og samordning med andre planar vil bli ei løpande oppgåve i oppfølgingsarbeidet, og vil bli meir konkretisert i handlingsprogrammet for 2022-2025. Det er også lagt opp til eit koordinerande arbeid i regi av utviklingsplanen.

Det har vore ei målsetjing å avgrense talet på planar, både regionale planar, men også tema- og strategiplanar. I utviklingsplanen og i planprogrammet er det peika på ei rekkje temaplanar og strategiar som skulle innarbeidast i Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring.

- Strategi for grøn omstilling i Hordaland
- Hydrogenstrategi
- Strategi for biogass
- Strategi for nullutsleppstransport i Vestland
- Forskingsstrategi for Hordaland
- Temaplan for landbruk i Hordaland
- Temaplanar for reiseliv

- Industristrategi for Sogn og Fjordane
- Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020
- Strategi for datasenter og digital infrastruktur

Planane er innarbeida i satsingane i den regionale planen. Innhaldet vil bli tydelegare i det første fireårige handlingsprogrammet. Sjølv om ein skal ha minst mogleg planar og ei samordning av plansystemet, så kan det bli trong for eigne temaplanar og strategiar. Dette blir vurdert i samband med utarbeiding av handlingsprogram.

I møte 29. oktober, i sak 134/2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

Vestland fylkesting vil i oppfylginga av utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke leggje stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane. Fylkestinget vil arbeide for gode rammevilkår for industri som er basert på fornybar energi og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.

Med ei målsetting om grøn verdiskaping, vert industrien og industrikommunane viktige samarbeidspartar. Vidare er fornybar energi er tatt fram som ein nøkkel for arbeidet i planperioden. Også denne satsinga blir meir konkretisert i samband utarbeiding av handlingsprogram.

Partnerskap og samarbeid som premiss for arbeidet

Planframlegget er utarbeida av partnerskapen i fellesskap. Medverknad og at heile partnerskapen tek ansvar vil vere heilt avgjerande også i oppfølging av planen. Den regionale planen er ein felles plan for heile fylket og skal leggest til grunn for regionale organ si verksemd, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylket, jamfør Plan og Bygningslova § 8-2. Det er ei tydeleg forventning at denne planen kan erstatte behov for ein del overordna kommunale næringsplanar, og at også kommunane konkretiserer oppfølginga gjennom kortare og meir handlingsretta plandokument i eigen kommune. Planen forpliktar partnarane som har ansvar for innhald og oppfølging av planen. Fylkeskommunen som regional utviklingsaktør har ansvar for leiing og koordinering, og dei andre partane skal vere likeverdige aktørar i oppfølging av planen. Partnerskap skal vere styringsform i oppfølging av planen. Alle deltakarane må ta ressursar inn i arbeidet. Partnerskapen skal jobbe saman om oppfølging av planen, utvikling av handlingsprogram og andre større vedtak. Partnerskap er forpliktande og blir regulert av ein partnerskapsavtale eller gjennom mandat for arbeidet. Eit godt samarbeid, gode møteplassar og avklarte prosessar for oppfølging av planen er sentrale prinsipp.

Resultatmåling og evaluering

Saman med handlingsprogram og årsplanar vil det bli utarbeidd meir konkrete mål og strategiar for satsingane. Det blir også utarbeida system for å evaluere innsatsen, slik at vi rettar verkemidla og innsatsen der den har effekt. Her blir det også viktig å sjå på eit felles opplegg for alle regionale planar i ledd av oppfølginga av utviklingsplanen.

Vidare framdrift, høyring og vedtak

Vi legg opp til følgjande tidsplan for perioden fram til vedtak av planen:

- Hovudutvalet handsamar høyringsdokument: 12. januar
- Fylkesutvalet vedtek å legge planutkastet ut på høyring: 19. januar
- Høyringsperiode (tentativ): 25. januar - 8. mars
- Høyringsfrist (tentativ): 8. mars
- Hovudutval for næring handsamar endeleg planframlegg: 25. mai
- Fylkesutvalet handsamar endeleg planframlegg: 1-2. juni
- Endeleg vedtak i fylkestinget 16. og 17. juni

Høyringsperioden kjem til å bli intensiv då vi legg opp til mange aktivitetar og arrangement for å informere godt om planframlegget, og sikre brei og god medverknad. Vi legg opp til regionale dialogmøter, og vil også vurdere møter med meir tematisk inndeling.

Vi ynskjer innspel til innhaldet i plandokumenta, men også på deltaking i den vidare prosessen med utforming av handlingsprogram og oppfølging av planen.

Det er ikkje gjort vedtak om ein saksordførar for planen, men hovudutvalet som fagorgan bør vere kopla på høyringsprosessen for at saka skal vere tilstrekkeleg opplyst frå den politiske ståstaden.

Økonomi:

Når Regional plan for innovasjon og næring er vedteken vil den påverke korleis både fylkeskommunen og partnarane innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål. Dette må konkretiserast i handlingsprogram, i eventuelle årsplanar og i arbeidet med budsjett og økonomiplan.

Klima:

Klima og berekraft er gjennomgåande i heile planen. Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Planen har i seg eit svært ambisiøst mål om at næringslivet i Vestland skal vere klimanøytralt i 2033.

Folkehelse:

Innovative og inkluderande er ei av tre satsingar i planen. Ei berekraftig utvikling må bygge på klima- og miljø, økonomi og sosiale forhold. Vestland sine innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskapinga gjennom relevant arbeid i eit berekraftig og innovativt nærings- og samfunnsliv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Gjennom arbeidet med utforming av høyringsutkastet, i arbeidet med handlingsprogram, årsplanar og evaluering og resultatmåling er det, og vil det i heile planperioden bli lagt stor vekt på å støtte opp om FN sine berekraftmål og mål og strategiar i utviklingsplanen. Utarbeiding av planen og innhaldet er forankra i utviklingsplanen.

Visjonen i Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring er nyskapande og berekraftig og er den same som i utviklingsplanen. Vi har teke mål av oss om at planen skal setje retning for utvikla av Vestland. Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Den grønne omstillinga og grepa næringslivet må gjere for å vere konkurransedyktige i framtida er gjennomgåande i planen.

Vi har lagt stor vekt på medverknad og samhandling i utarbeiding av planframlegget. Det er planlagt ein omfattande høyringsprosess med stor grad av involvering. Samarbeid, medverknad og forpliktande partnaraskap er sentrale premisser for iverksetjing av planen.

Konklusjon

Utkastet til Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er utarbeida i tett samarbeid med partnaraskapen i Vestland, og blir no lagt fram for fylkesutvalet for vedtak om offentlig høyring.